



# FINNÅS KRAFTLAG



## Årsrapport 2019



# 2019

## Me e' der når nåke skjer!

Finnås Kraftlag har lagt bak seg nok eit travelt og godt år. Det har vore stor aktivitet i Bømlo-samfunnet, og Kraftlaget har investert betydelige summar i straum- og fibernettet. Det er mellom anna lagt ned nye kablar i samband med landstraum til Langevåg ferjekai.

Finnås Kraftlag står føre store utfordringar og moglegheiter i åra som kjem. Drifta må tilpassast endra rammevilkår og frå 2021 er det krav om å innført såkalla selskapsmesse skilje mellom monopolverksemda og anna konkurranseutsett verksemd. For å tilpassa oss rammevilkåra, har me omdanna Finnås Kraftlag SA til eit konsern frå 01.01.2020. Finnås Kraftlag SA er morselskapet og dotterselskapa er Finnås Kraftlag AS som marknadsselskap og Bømlo Kraftnett AS som nettselskap. Dette er hovudgrepet i ein strategisk prosess for å sikra eit fortsatt lokalt kraftselskap, til beste for alle innbyggjarane i kommunen vår.

Visjonen vår forpliktar: «Me e' der når nåke skjer!». Kraftlaget har som mål å yta ekstra god kundeservice. Difor er det svært gledeleg at me for 10. år på rad skårar blant dei beste i kundeundersøkingar. Me er takknemlege for alle som har gitt oss verdifulle tilbakemeldingar. Dei skal me bruka for å utvikla oss til å bli endå betre.



Me går ei spennande tid i møte, men eg er overtydd om at Finnås Kraftlag SA har evne til å tilpasse seg den nye tida.

Finnås Kraftlag konsernet har dyktige og motiverte medarbeidarar som er klare til å møte dei utfordringane me står ovanfor, og gripa dei moglegheitene som dukkar opp!

Etter 38 år i kraftlaget, derav 32 år som elverksjef, signerar eg no mi siste årsmelding før eg snart går av som pensjonist. Eg har lyst å takka alle tilsette, styret, medlemmar, leverandørar, lag og organisasjonar og bransjekollegaer for eit godt samarbeid i åra som har gått. Eg ser tilbake på tida i kraftlaget med glede.


Nils Gunnar Gloppen  
Elverksjef

## Føremål

**Finnås Kraftlag SA er eit allmennyttig samvirke med skiftande medlemstal og kapital.**

**Føremålet til selskapet er å fremja interessene til innbyggjarar og verksemdar i konsesjonsområdet. Eiga, byggja og driva anlegg for energiforsyning, omsetja elektrisk energi, produsera energi eller delta som eigar i produksjonsanlegg. Eiga, byggja og driva breibandnett og andre elektroniske kommunikasjonsløyningar. Driva, yta midlar til eller delta i anna verksemd med naturleg tilknytning til føremålet, delta i tiltak med allmennyttige føremål i kraftlaget sitt konsesjonsområde og yta gåver til tiltak med allmennyttige føremål i konsesjonsområdet.**

# Fakta om Finnås Kraftlag SA



## Medlemstal

Pr. 31.12.2019 har Finnås Kraftlag 3537 registrerte medlemmer.

## Oppgjør for partmedel

Pr. 31.12.2019 er det partar med ein samla verdi på om lag 4,1 mill. som framleis ikkje er innløyst.

## Personale

Ved utgangen av året var det 27 fast tilsette, 2 med pensjonistavtale og 2 lærlingar. Til saman vert dette om lag 27,9 årsverk eks. lærlingar.

## Eigarskap i andre føretak

Finnås Kraftlag SA er medeigar i Haugaland Kraft AS med 9,9 %. Me er ein av 21 eigarar i driftsselskapet Validèr, som er oppretta for å stå for innsamling av måleverdiar ved innføring av AMS.

Saman med 44 andre eig me Nettalliansen. Dette er eit samarbeid mellom nettselskap om fellestenester/innkjøp.

## Eigedomar

Administrasjonsbygg med lager, garasje, kaldlager/stolpelager og carport, har ei samla grunnflate på 3077 m<sup>2</sup>.

Tomta er på omlag 12 da. med omlag 2 da. grøntanlegg.

### Ekornsæter stasjon

Stasjonsbygget er på 117m<sup>2</sup> og utstyrt med 6 stk. 22 kV brytarfelt for utgåande linjer. Stasjonen er tilknytt fjernkontrollsystem. Deler av anlegget er eigd i lag med Haugaland Kraft.

### Børøysund stasjon

Stasjonsbygget, med 3 utgåande effektbrytarfelt, stasjonstransformator og målefeldt med meir, er på 150 m<sup>2</sup>, inklusiv kontrollrom og hjelpeanlegg. Stasjonen er tilknytt fjernkontrollsystem. Tomta er på 2 da. Deler av anlegget er eigd i lag med Haugaland Kraft.

## Fordelingsnett

### Høgspennetnett:

Kraftlaget hadde ved slutten av året:

- 118,8 km 22 kV luftlinjer (121,8)
- 4,5 km 22 kV hengekabler (4,5)
- 1,1 km 5 kV luftlinjer (1,1)
- 8,6 km 22 kV sjøkabler (8,6)
- 131,6 km 22 kV jordkabler (125,6)
- 2,8 km 5 kV sjøkabler (2,6)

### Nettstasjonar:

Ved utgangen av året hadde Finnås Kraftlag 341 fordelingstransformatorar i drift, med samla yting 87.175 kVA. Transformatorane er plasserte i 320 nettstasjonar. Av desse er 31 masteanlegg. Dei resterande nettstasjonane er ulike typar kioskar, som til saman inneheld 310 transformatorar.

### Lågspennetnett:

Ved slutten av året består nettet av:

- 391,1 km luftlinjer, medrekna vegljøslinjer (383,2)
- 358,2 km jord- og sjøkabler (358,2)

## Breibandnett

Status pr. 31.12.19

- ca. 857 km fiberkabel (831)
- 18 stk. nodestasjonar (18)
- 5137 stk. privatkundar tilknytt nettet (4964)
- 162 stk. bedriftslinjer
- 23 stk. kommunale lokasjonar

## Vegljos

Ved årsskiftet er det i drift 2194 kommunale og fylkeskommunale vegljøs-punkt langs offentlig veg, samt 635 private vegljøs-punkt. Ein mellombels avtale regulerer samarbeidet om vedlikehald av vegljøs som Bømlo kommune har økonomisk ansvar for.

# Fakta om Finnås Kraftlag SA


## Energi- og effektuttak

Tabellen nedanfor viser energiuttak og effektuttak. Dei seinare åra, registrert i leveringspunkta våre, Ekornsæter og Børøysund stasjonar, samanlikna med kundemassen.

|                              | 2013  | 2014  | 2015   | 2016  | 2017  | 2018  | 2019  |
|------------------------------|-------|-------|--------|-------|-------|-------|-------|
| Energiuttak                  | 167,7 | 157,5 | 170,98 | 176,6 | 176,3 | 179,9 | 177,8 |
| Effektuttak                  | 37,63 | 33,64 | 35,3   | 39,4  | 36,69 | 41,96 | 35,93 |
| Antal nettkundar (lev.punkt) | 7652  | 7794  | 7977   | 8131  | 8285  | 8445  | 8554  |

## Oversyn over overføring

|                       | 2019        | 2018        |
|-----------------------|-------------|-------------|
| Max effekt (MW)       | 35,93       | 41,98       |
| Energiuttak (kWh)     | 177.759.530 | 179 903 809 |
| Bruktstimar (t)       | 4 947       | 4 285       |
| Samla overføring(kWh) | 169 725 369 | 171 005 245 |
| Samla kraftsal (kWh)  | 133 561 401 | 133 152 834 |
| Overføringstap        | 8 026 501   | 8 875 114   |
| Overføringstap (%)    | 4,5 %       | 4,9 %       |



## Medlemskap i Organisasjonar

Laget er tilslutta KS Bedrift, Energi Norge, Opplæringskontoret HSO, Rasjonell Elektrisk Nettvirksomhet REN, IFER; Interessefelleskap for Energiverkene i Regionen og Bømlo Næringsråd.

## Nettkundar

Ved utgangen av året var det 8 554 kundar tilknytt nettet, medrekna vegljøs og mellombelsanlegg. Nettoauken av nye kundar gjennom året er 109.

## Straumprisar gjennom året

### Kraftpris

Finnås Kraftlag sin gjennomsnittlege kraftpris til kundane, inkl. avgift for 2019 har vore 43,91 øre/kWh (56,69 øre/kWh i 2018).


Snittprisen i Sunnhordland var kalkulert til 45,29 øre/kWh.

### Nettleige

For hushald var Finnås Kraftlag sin nettleigetariff 65,04 øre/kWh (63,98 øre/kWh i 2018), inkl.15,83 øre/kWh i el-avgift og 25 % mva.

Snittpris i Sunnhordland 64,85 øre/kWh.

Summen er rekna utifrå eit forbruk på 20 000 kWh pr. år.



## Styret

**Styret har vore samansett slik:**

### Styret

Styreleiar: Torleiv Fylkesnes  
Nestleiar: Anne-Beth Njærheim  
Styremedlem: Ove Grønås  
Styremedlem: Vermund Hjelland  
Styremedlem: Eli Furnes  
Styremedlem: Signe Lund Jansen  
Styremedlem: Thomas Vespestad, vald av dei tilsette  
Observatør frå Bømlo kommune:  
Odd Harald Hovland  
Observatør frå dei tilsette:  
Johnny Rolfsnes

### Vararepresentantar

1. varamedlem: Jorunn Jacobsen Folgerø-Holm  
2. varamedlem: Reinert Røksund  
3. varamedlem: Stina Raknes

Vara for tilsette: Tove Lise A. Aasheim

Vara for kommunen sin observatør: Morten  
Helland

Vara for dei tilsette sin observatør:  
Rune Nesse

## Generelt

### Verksemnda

Finnås Kraftlag sitt forsyningsområde er Bømlo kommune, med unntak av Brandasund. Verksemnda vår er retta mot nettdrift og kraftomsetting, og mot utbygging og levering av breibands-tenester til medlemmane. I føremålsparagrafen er det formulert slik:

### Føremål

Finnås Kraftlag er eit allmennyttig samvirke med skiftande medlemstal og kapital.

Føremålet til selskapet er å:

- fremja interessene til innbyggjarar og verksemder i konsesjonsområdet,
- eiga, byggja og driva anlegg for energiforsyning,
- omsetja elektrisk energi,
- produsera energi eller delta som eigar i produksjonsanlegg,
- eiga, byggja og driva breibandnett og andre elektroniske kommunikasjonsløyningar,
- driva, yta midlar til eller delta i anna verksemd med naturleg tilknytning til føremålet,
- delta i tiltak med allmennyttige føremål i kraftlaget sitt konsesjonsområde, og
- yte gåver til tiltak med allmennyttige føremål i konsesjonsområde.

Finnås Kraftlag sel kraft til medlemmane sine, og andre kundar i forsyningsområdet.

Som netteigar driv Finnås Kraftlag distribusjon av kraft hovudsakleg på 22 kV-nivå og på lågspent. Mindre område er forsynt på 5kV. Høgspennettet fordeler seg med ca. 45 % luftlinjer og ca. 55 % kabel.

Finnås Kraftlag sel tenestene frå Altibox gjennom eit samarbeid med Haugaland Kraft. Desse tenestene er svært viktige for informasjonsutvekslinga til/frå Bømlo via TV, telefon og internett.

### Vidare drift

Rekneskapen er sett opp under føresetnad av vidare drift. Styret stadfester at denne føresetnaden ligg fast.

### Arbeidsmiljø og personale

Ved årsskiftet har Finnås Kraftlag totalt 29 årsverk, fordelt på 27 faste stillingar, 2 på pensjonistvilkår og 2 lærlingar.

Fråværsprosent: 4,3 %. Utan langtidssjukemeldte: 1,8%

Finnås Kraftlag er IA-bedrift.

Me har eit godt samarbeid med YSST HMS-senter som støttar oss med mange av dei lovpålagde HMS-funksjonane. Arbeidsmiljøutvalet har hatt to møter i 2019. Det er ikkje registrert arbeidsuhell med personskade.

## Likestilling

Finnås Kraftlag har som målsetting at begge kjønn skal handsamast likt. Av dei fast tilsette er seks kvinner og 21 menn. Av valde styremedlemmer er det 3 kvinner og 3 menn.

## Ytre miljø

Finnås Kraftlag er oppteken av å ta vare på det ytre miljøet i samband med fornying og nye byggingar av forsyningsvegar. Me søkjer å finna løysingar som er skånsame mot naturen og busetnaden. Ein tek også omsyn til mogleg helserisiko knytt til straum og kraftlinjer.

Kraftlaget har etablert faste rutinar for avfallshandtering, med kjeldesortering av papir, transformatorar, elektroteknisk utstyr, oljeavfall, kabel- og leidningsrestar, trevirke, batteri, datautstyr, osv. Alle anleggsområda vert rydda for alt materiell etter at arbeidet er avslutta.

Krafttransformatorar inneheld olje. Ved havari på transformatorar kan det skje lekkasje til naturen. Me har ikkje hatt slike hendingar i 2019.

## Finansiell risiko

Finnås Kraftlag er ikkje eksponert for finansiell risiko utover rentenivå og kredittrisiko knytt til kundefordringar. Selskapet møter risiko for manglande oppgjør frå kundar med tett oppfølging via gode rutinar for betalingsoppfølging og kredittvurdering.

Selskapet har valt kortsiktig finansiering som mest kostnadseffektiv. Grunna Covid-19 pandemien har selskapet gjort ekstra vurdering av refinansieringsrisiko. Basert på Finnås Kraftlag sin sterke finansielle posisjon, selskap si rolle som leverandør av samfunnskritisk infrastruktur, og uttale frå vår bank vurderer ein Finnås Kraftlag sin refinansieringsrisiko som svært låg.

## Samarbeid med andre verksemdar

Gjennom mange år har me vore tilknytt driftssentralen på SKL. Dette samarbeidet bidreg godt til effektiv drift og overvaking av kraftnettet vårt.

IFER-samarbeidet har vore ein viktig møtestad for kraftlaga i regionen. Det viktigaste tema i 2019 har vore samarbeidet om AMS og IFER-konferansen.

I 2015 gjekk Finnås Kraftlag inn som eigar i Nettalliansen. Dette er eit kompetanse- og innkjøpssamarbeid for små og mellomstore nettselskap som har som mål å ivareta eigarane sine interesser gjennom å etablere konkurransedyktige og attraktive fellestenester. Samarbeidet i Nettalliansen vert etter kvart viktigare og meir forpliktande.

Deler av tilsynsoppgåvene vert utført i eit samarbeid med Haugaland Kraft, og Haugaland Kraft hjelper oss med naudsynt brannetterforsking.

## Informasjon

Finnås Kraftlag er aktive på Facebook. Dette har vist seg å bli svært godt mottatt av kundane våre. På Facebook når me ut til mange, og det er ein viktig informasjonskanal i beredskapssamanheng. Me nyttar også SMS til å nå ut med informasjon i samband med straumstans.

## Samfunnsengasjement

Dei siste 15 år har Kraftlaget støtta lag og organisasjonar på Bømlo med omlag kr. 37 mill., utdelt som allmennyttige gåver. I tillegg kjem sponsoravtaler.

Finnås Kraftlag har i år hatt sponsoravtale med Bømlo Teater, og støtta fleire andre lag med sponsormidlar.

## Om drifta

### Nettdrift

I 2019 vart den planlagde nettomlegginga i samband med veganlegget Hollundsdaalen – Siggjarvåg sett i drift. Normalforsyninga mot Goddo vert overført til ein annan avgang frå Ekornesæter, enn forsyninga mot Svortland og industrien i Kvednavika. Dette gir sikrare, og meir fleksibel straumforsyning i denne delen av forsyningsområdet. Kabelanlegget i Fv542, Stokkabekken – Siggjarvåg, vart og tilkopla sin eigen avgang frå Ekornesæter og forsyner no normalt mot Føyno. Dette aukar kapasiteten inn frå Haugaland Kraft sitt nett, i ein situasjon med redusert krafttilgang i regionalnettet. Elektrifiseringa av ferja Langevåg – Buavåg, har medført eit større nybygging - og omleggingsprosjekt frå Eide til Langevåg ferjekai. Kapasiteten og fleksibiliteten har vorte auka ein god del. To nye nettstasjonar er etablerte, Olsabrekko og Langevåg Ladestasjon. Mastetransformatoren på Langevåg Ferjekai er erstatta med kiosk. Luftlinja mot Hovlandsfeltet og Hamnabrotet er erstatta med jordkabel, gamle luftlinjer mellom Vold og Lønning og frå Hovland mot ferjekaien er rivne. Etterspørsel etter landstraum for oppdrett, og ladestraum for elbilar, har medført større ombyggingar i nettstasjonane Skipavik og Raudkleiv. Forsyninga rundt Svortland vart styrka med ein ny høgspenkabel mellom Dagheimen og Drydlandshaugen. På Geitung vart høgspenklina renoverert og transformatoren sett i kiosk på bakken.

Etter pålegg frå styresmaktene, skal det monterast jordfeilovervaking (NSO) i alle nettstasjonar. Dette arbeidet vart starta i 2019, og held fram i 2020.

Me hadde ein netto tilgang på driftssette høgspenkablar på 6,0 km, medan netto avgang på høgspenktlinjer er 3,0 km.

### Anlegg under arbeid, planar

På Rubbestadneset medfører etablering og utviding av Unitech og LOS-Marine sine anlegg, trong for utvidingar og renovering i eksisterande anlegg, samt etablering av nye nettstasjonar. Arbeidet med oppgradering av vegen frå rundkøyringa i Rubbestadneset til ferjekaien starta og høgspentanlegget vert forsterka eller bygd om. Dette gjeld i fyrste omgang seksjonane frå nettstasjon Atlanteren til nettstasjonane Havly og Rubb ferjekai. Det vert samstundes lagt til rette for tilkopling av Unitech sitt planlagde bygg for ny yrkesskule og utviklingsenter, og vidareføring til planlagd dokkområde. Bømlopakken sitt prosjekt Fv 541 Sakseid – Hestaneset, er i godt gjenge. Inn til vidare har dette medført ein del mellombelse omleggingar for å sleppa anlegget fram. Utover sommaren vil det bli lagt ned til saman 7000 meter ny høgspenkabel frå Børøykrysset til Hestaneset, og etablert minimum to nye nettstasjonar. Det ligg føre fleire planar for landstraum for havbruk. Den eldste linja mellom Ekornesæter og Stokkabekken skal fornyast med større kapasitet. Det er planlagd ein ny trafokrins i Goddeosen for nytt hyttefelt.

### Driftsavbrot

I 2019 vart det registrert til saman 8 hendingar som førde til utilsikta driftsavbrot. To av desse var kortvarige ( $t < 3\text{min}$ ), den eine skuldast lyn-aktivitet og den andre fugl i luftledingsanlegg. Det var registrert to sikringsbrot etter toever og eitt trafohavari grunna lyn. Lause loopar i luftledingsanlegg førte til eitt lite, og eit omfattande avbrot i nettet. Lyn på sommaren førte og til skade på ein kabelbrytar og gjennomslag i ein kabelskøyt.

Nettselskapa er underlagt KILE-ordning. KILE er ei kompensasjonsordning for kostnad med ikkje levert energi og gir eit bilete av kor mykje avbrot ein har hatt i nettet. I 2019 hadde Finnås Kraftlag ein kilekostnad på 0,59 MNOK mot 0,46 MNOK året før.

Kilekostnaden kan fortelja noko, men er ikkje ein fullgod indikator på leveringstryggleik og tilstand i nettet vårt. Til dette nyttar ein primært avbrotindikatorane SAIFI (avbrot pr. sluttbrukar gjennom året) og CAIDI (lengda på avbrot pr. sluttbrukar). SAIFI har gått opp frå 0,7 til 1,5, medan CAIDI er auka frå 40 til 50. Dette er likevel verdiar godt nede på skalaen sett i landssamanheng.

Lågspenktettet er bygd om og forsterka i dei krinsane der det er sett inn nye nettstasjonar. Finnås Kraftlag har eit godt og relativt nytt straumnett målt mot bransjen elles.

### Nettleige

Finnås Kraftlag si totale nettleige (ved forbruk på 20 000 kWh) i 2019 var 65,04 øre/kWh, inkl. 15,83 øre/kWh i el-avgift og 25 % mva.



## Kjøpsutbytte

I 2019 vart det utbetalt 7,3 MNOK i kjøpsutbytte fordelt på kundane etter handel med kraftlaget i 2018. Styret foreslår å utbetale 10 MNOK i kjøpsutbytte for 2019.

## Breiband

I 2019 vart 217 nye fibersentralar kopla opp på fibernettet i einbustadar, leilegheiter, fritidshus og bedrifter. Finnås Kraftlag har pr. 31.12.2019 5039 private kundar med abonnement på fibernettet. Dette talet er stadig i endring grunna sal av bustadar og flytting, samt endringar i utleigemarknaden. I alt starta ein opp 496 nye private kontraktar i løpet av året. Bedriftsmarknaden er stabil og med små endringar. Av fritidskundar har me 1017 abonnement.

Det er lojaliteten Bømlingar har til Kraftlaget som er den største årsaken til at me no kan levera eit fibernett i kommunen med god kapasitet til alle som ynskjer det. Telenor held på å leggja ned sitt koparnett i stort monn på Bømlø. Mange ynskjer å behalde sin fasttelefon og me har framleis 1017 hushald, som har sin gamle fasttelefon, gjennom fibernettet.

Finnås Kraftlag installerte dei fyrste fibersentralane i heimane til folk i 2005 og mange av desse er i virke enno. Desse er det vanskeleg å få reservedelar til, og nye tenester frå Altibox krev meir prosessorkraft for nye tenester enn desse klarar levera. Me har difor i løpet av året bytta ut omlag 1000 av dei gamle sentralane. Me har leigd inn ekstra mannskap frå Teknisk Byrå, som har gjort ein god jobb med byting av fibersentralar.

Utstyret desse fibersentralane er kopla til i noden vår er blitt byta ut med ny oppgradert elektronikk. Me har difor fått auka mogleg kapasitet ut til heimane til over halvparten av våre kundar.

Fibernettet er i stadig endring då nye bustader vert bygde ulike plasser. Blant anna har me auka med meir fiberkablur i Urangsvåg og mot Sæverudsøy, i Rubbestadneset er det også pågåande arbeid. Det er i tillegg sett i drift ein del fiberkablur i dei nye vegane rundt om.

Trådløst internett er det me har mest førespurnader om og som er størst utfordring for folk. Altibox har difor gjort ein avtale med Google om å levera deira trådløse løysing, som eit produkt våre kundar kan kjøpa til ein rabattert pris. Mange har nytta seg av dette tilbodet.

Planen for 2020, er å fortsetja eit godt vedlikehald av det eksisterande fibernettet, og utvide det der det er naudsynt.

## Kraftomsetnad

Finnås Kraftlag sel forbruksvegd spotpris med påslag, kalla «Kraft til innkjøpspris», eller til fastpris.

Året tok til med ein spotpris på 50,9 øre/kWh. I veke 4 var spotprisen den høgaste for året med 62,2 øre/kWh. I veke 27 var spotprisen lågaste for året med 27,7 øre/kWh. Spotprisen var gjennomsnittleg for heile året på 38,7 øre/kWh mot 41,55 øre/kWh i 2018, noko som må reknast som ein normal kraftpris.

## Fjernvarme

Finnås Kraftlag hadde varmeanlegg i byggefeltet på Stavlandsneset, i Bygdatunet og i Bømlø Kulturhus. Desse prosjekta er vedtatt avvikla grunna manglande lønsemd. Varmeanlegga i Bygdatunet og i Bømlø Kulturhus er avvikla.

## Det lokale el-tilsyn, DLE

DLE har i 2019 gjennomført tilsyn med bustader, hytter, rorbuer, naust og verksemdar. Kontrollane som vart utførte retta seg både mot nyanlegg og periodiske anlegg, samt revisjonar/verifikasjonar av verksemdar. I samband med tilsyn har me spesielt fokus på ladesystem for el-bil. Delar av tilsynsoppgåvene vart utført i eit samarbeid med Haugaland Kraft.

Totalt vart det utført 340 tilsyn ved nye/periodiske bustadar, rorbuer, naust og hytter. Det har også vore utført 25 revisjonar og 88 verifikasjonar.

Totalt er det 8022 tilsynsobjekt under det lokale el-tilsynet i vårt område.

Det har vore 4 brannar/tilløp til brann i bygningar som er meldt til brannvesenet i 2019. Til samanlikning var det 6 brannar/tilløp til brann i bygningar som vart meldt til brannvesenet i 2018.

DLE ved Finnås Kraftlag nyttar seg av Haugaland Kraft sin spesialkompetanse ved brannetterforskning.

## Informasjonsarbeid

Ved bustadkontrollane vart det utdelt brosjyrar med el-tryggleik som tema. Det vart også gjeve informasjon undervegs i kontrollen om bruk og vedlikehald av elektrisk utstyr, samt informasjon om nettsida «farlige produkter».

DLE deltar også aktivt med ulike verkemiddel for å bidra til auka el-tryggleik. I samband med dette har DLE prosjekt/aksjonar saman med Brann/Feiarvesen. Eksempel på dette er; «Aksjon Bustadbrann», «Røykvarslardagen» og «Komfyrvaktkampanjen». Det vart også gjennomført informasjon/undervisning om elsikkerhet ut mot skular i Bømlo Kommune.

## Energimålarar

I 2019 er det sett opp 153 energimålarar i nye anlegg og me har bytta målarar i 108 eksisterande anlegg. Mykje av fokuset i 2019 har vore på utbetring av målarkommunikasjon. Montering av fleire antenner, konsentratorar og hjelpemålarar gjer at me stadig får betre kommunikasjon med målarane. Det er framleis 25 gamle målarar som ikkje er bytta til AMS målar. 14 av desse er kundar som nektar og resten har andre grunnar.

## Framtidig utvikling

Finnås Kraftlag har som mål å driva effektiv og sikker leveranse av straum og fibertenester til kundar i vårt konsesjonsområde på Bømlo. Me har ein klar strategi om å halda fram som sjølvstendig selskap. For å oppnå dette er me avhengig av gode samarbeidspartnarar. Finnås Kraftlag er eigar i både Nettalliansen og Haugaland Kraft, som begge er naturlege samarbeidspartnarar for selskapet.

Frå 01.01.2020 har Finnås Kraftlag gjennomført selskapsmesse og skilje. Frå 01.01.2022 kjem også krav om merkevaredifferensiering. Me vil bruka tida som kjem til å tilpassa oss dei nye krava.

Kraftbransjen står ovanfor store utfordringar med endringar i rammevilkår og auka konkurranse. Det er svært viktig at me er offensive og utviklar oss vidare. Arbeidet med digitalisering og målretta forbettringsarbeid må halda fram. Me må ha fokus på kostnadseffektiv drift, samtidig som me skal oppretthalde god kundeservice.

Koronaviruset, Covid-19, gir utfordringar og Finnås Kraftlag følgjer dei retningslinjer som vert gitt av myndighetene og folkehelseinstituttet. Selskapet har gjort ei rekke tiltak for å hindre smitte og har per dags dato tilnærma normal drift og aktivitet. Leiinga følgjer utviklinga tett og vurderer både noverande og potensielle konsekvensar for selskapet sine tilsette og drift. Selskapet er godt rusta til å møte utfordringane ein står ovanfor.

Låge kraftprisar gjennom vinteren og forventningar om framleis låge kraftprisar gjennom heile 2020 vil gi redusert utbytte frå Haugaland Kraft dei næraste åra. Utbytteregeleir basert på 3 års snitt, vil jamne ut noko av effekten dersom fall i kraftprisen vert kortvarig. Avgjerda om å bytte SKL-aksjar mot Haugaland Kraft aksjar gjer at me ikkje er like eksponert mot svinging i kraftprisar som tidlegare.

Med tre verksemdsområder: nett, kraftomsetting og breiband har selskapet «fleire bein å stå på». Breibandsatsinga til kraftlaget har vore vellykka, og slik me ser det vil behovet for fibertilknytting til bedrifter og privatpersonar halda fram.

# Styret si årsmelding

---

Finnås Kraftlag må fylgja med og investera i dei anlegga som er nødvendig for utvikling og vekst i Bømlo kommune. Samfunnet er heilt avhengig av robust energiforsyning og breiband. Sjølv om me opplever ei jamn betring i forsyningstryggleik er ein blitt meir sårbar for avbrot. I framtida vil me truleg også oppleve auka utfordringar knytt til vær og klima. Dette betyr eit auka krav til beredskap og er forhold som selskapet vil ha stort fokus på framover.

## Rekneskap

Styret meiner den framlagde rekneskapen er dekkande for selskapet si stilling og resultat pr. 31.12.19.

I 2019 var Finnås Kraftlag sine driftsinntekter 178,5 MNOK mot 173,8 MNOK i 2018.

Driftsresultat for 2019 vart 13,4 MNOK mot 13,5 MNOK i 2018. Årsresultat før skatt vart 39 MNOK og resultat etter skatt 36,5 MNOK. Tilsvarande tall for 2018 var 22,2 MNOK og 20,8 MNOK

Resultatforbetringa skuldast i hovudsak eit ekstraordinært stort utbytte frå Haugaland Kraft. I 2019 var dette utbytte 26,2 MNOK mot 12,2 MNOK i 2018.

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) fastset inntektsramma (IR) for nettverksemda. For 2019 var denne 43,3 MNOK. Til samanlikning var IR 46,6 MNOK i 2018. Selskapet har i 2019 hatt mindreinntekt (rabatt) på nett på 3,5 MNOK. Selskapet vel å avskrive mindreinntekta for 2019. I 2019 er det betalt ut 7,3 MNOK i kjøpsutbytte til medlemmer basert på handel i 2018. Styret tilrår at årsmøtet deler ut 10 MNOK i kjøpsutbytte for rekneskapsåret 2019.

I 2019 har selskapet investert 23,6 MNOK i varige driftsmidlar. Pr. 31.12.19 er varige driftsmidlar bokførte med 326 MNOK.

Selskapet har ein totalkapital på 1 046 MNOK og egenkapital på 905 MNOK (86,4%).

Styret vurder den likviditetsmessige stillinga ved årsskiftet og gjennom året som tilfredsstillande. Selskapet har valt ei kortsiktig finansiering som mest kostnadseffektiv, men vurderer jamleg finansieringa ut frå tilgjengelige vilkår og likviditet i marknaden.

### Styret sitt framlegg til resultatdisponering:

Overskot for 2019 er kr. 36.528.629.

#### Resultatdisponering

|                                      |                   |
|--------------------------------------|-------------------|
| Føreslått utdelt allmennyttige gåver | 2 274 000         |
| Overført til annan egenkapital       | 24 254 629        |
| Avsett til kjøpsutbytte medlemmer *  | 10 000 000        |
| <b>Sum disponeringar</b>             | <b>36 528 629</b> |

\* Styret foreslår at årsmøtet gir administrasjonen pålegg om å gjennomføra etterbetalinga (kjøpsutbytte) til medlemmene, fordelt etter medlemmene si omsetning med kraftlaget gjennom 2019. Administrasjonen skal sørge for at etterbetalinga skjer i samsvar med samvirkelovas reglar.

Styret foreslår at fylgjande allmennyttige gåver vert gitt:

|                                                  |                  |
|--------------------------------------------------|------------------|
| Gåvefond disponert av styret                     | 1 200 000        |
| Opprusting skuleplass ved Sakseid                | 84 000           |
| Orgel Moster Kyrkje                              | 399 000          |
| Oppgradering tursti Siggjo                       | 375 000          |
| Dagsturhytte Bømlo                               | 70 000           |
| Ny ridehall på Moster                            | 82 000           |
| Opprusting av kvernhus og kvern i Vorlandsskogen | 33 000           |
| Restaurering av kutteren MK Frimann              | 31 000           |
| <b>Sum gåver</b>                                 | <b>2 274 000</b> |




# Styret si årsmelding

---

**For alle gåvetildelingar gjeld fylgjande:**

Før beløpet vert utbetalt må søkjar ha gjort formelt vedtak om igangsetting av prosjektet, og det faktiske arbeidet må vera kome i gong. I tillegg må det liggja føre bindande finansieringsplan med tilsegn. 50 % av stønadsbeløpet vert utbetalt ved oppstart og resten når prosjektrekneskap er lagt fram.

Bremnes, 22. april 2020

|                                                                                                                      |                                                                                                                      |                                                                                                                       |                                                                                                                            |
|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <br>Torleiv Fylkesnes<br>styreleiar | <br>Anne-Beth Njærheim<br>nestleiar | <br>Eli Furnes<br>styremedlem       | <br>Signe Lund Jansen<br>styremedlem    |
| <br>Ove Grønås<br>styremedlem       | <br>Vermund Hjelldal<br>styremedlem | <br>Thomas Vespestad<br>styremedlem | <br>Nils Gunnar Gloppen<br>dagleg leiar |

## Finnås Kraftlag SA

### Resultatrekneskap

| NOTAR | DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER              | 2019                     | 2018                     |
|-------|-------------------------------------------------|--------------------------|--------------------------|
| 1     | Energisal                                       | 59.960.727               | 59.548.077               |
| 1     | Overføringstariffar                             | 65.208.518               | 61.958.765               |
| 1     | Inntekter breiband                              | 49.026.774               | 48.461.747               |
|       | Annan driftsinntekt                             | 4.343.481                | 3.853.764                |
|       | Sum driftsinntekter                             | <u>178.539.499</u>       | <u>173.822.353</u>       |
|       | Aktivering investeringar                        | -7.312.674               | -6.903.758               |
|       | Energikjøp                                      | 54.261.346               | 55.382.005               |
|       | Overføringskostnad                              | 25.594.846               | 23.167.183               |
|       | Varekjøp breiband                               | 23.936.044               | 22.646.421               |
|       | Anna varekjøp                                   | 4.989.313                | 6.128.508                |
| 2, 8  | Lønskostnader m.m.                              | 27.157.797               | 26.381.155               |
| 4     | Ordinær avskrivning                             | 19.373.884               | 17.670.890               |
| 2, 9  | Annan driftskostnad                             | 17.173.046               | 15.819.319               |
| 3     | Sum driftskostnader                             | <u>165.173.602</u>       | <u>160.291.723</u>       |
|       | <b>Driftsresultat</b>                           | <b><u>13.365.897</u></b> | <b><u>13.530.630</u></b> |
|       | <b>FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER</b>       |                          |                          |
|       | Renteinntekt                                    | 518.443                  | 258.543                  |
|       | Andre finansinntekter                           | 26.582.701               | 12.347.439               |
| 14    | Verdiauke markedsbaserte omløpsmidlar           | 293.593                  | 0                        |
| 14    | Verdireduksjon markedsbaserte omløpsmidlar      | 0                        | 534.180                  |
| 5     | Nedskrivning av andre finansielle anleggsmidlar | 0                        | 1.529.178                |
| 12    | Rentekostnad                                    | 1.714.576                | 1.829.362                |
|       | Realisert tap markedsbaserte omløpsmidlar       | 6.616                    | 37.208                   |
|       | Resultat av finanspostar                        | <u>25.673.544</u>        | <u>8.676.053</u>         |
|       | <b>Ordinært resultat før skattekostnad</b>      | <b><u>39.039.441</u></b> | <b><u>22.206.684</u></b> |
| 10    | <b>Skattekostnad på ordinært resultat</b>       | <b><u>2.510.812</u></b>  | <b><u>1.341.774</u></b>  |
|       | <b>Årsresultat</b>                              | <b><u>36.528.629</u></b> | <b><u>20.864.910</u></b> |
|       | <b>OVERFØRINGAR</b>                             |                          |                          |
| 7     | Føreslege utdelt til allmennyttige føremål      | 2.274.000                | 1.910.000                |
| 7     | Overført annan egenkapital                      | 24.254.629               | 11.654.910               |
| 7     | Avsett til kjøpsutbyte medlemmer                | 10.000.000               | 7.300.000                |
|       | Sum overføringar                                | <u>36.528.629</u>        | <u>20.864.910</u>        |

## Finnås Kraftlag SA

### Balanse pr. 31. desember



| NOTAR  | EIGA                                   | 2019                        | 2018                        |
|--------|----------------------------------------|-----------------------------|-----------------------------|
|        | <b>Anleggsmidler</b>                   |                             |                             |
|        | Forsking og utvikling                  | 15.000                      | 0                           |
|        | Sum immateriell eiga                   | <u>15.000</u>               | <u>0</u>                    |
|        | <b>Varige driftsmidler</b>             |                             |                             |
| 12     | Bygningar                              | 11.034.321                  | 11.420.816                  |
|        | Distribusjonsnett, fjernvarme, målarar | 221.129.083                 | 217.372.897                 |
|        | Fibernet og utstyr                     | 83.737.159                  | 78.972.652                  |
| 4      | Øvrege driftsmidler                    | 4.313.987                   | 4.540.407                   |
|        | Anlegg under arbeid                    | 5.803.635                   | 9.790.667                   |
| 4      | Sum varige driftsmidler                | <u>326.018.185</u>          | <u>322.097.439</u>          |
|        | <b>Finansielle anleggsmidler</b>       |                             |                             |
| 16     | Investeringar i dotterselskap          | 60.000                      | 0                           |
| 5, 13  | Aksjar                                 | 647.972.809                 | 639.727.585                 |
|        | Sum finansielle anleggsmidler          | <u>648.032.809</u>          | <u>639.727.585</u>          |
|        | <b>Sum anleggsmidler</b>               | <b><u>974.065.994</u></b>   | <b><u>961.825.024</u></b>   |
|        | <b>Omlaupsmidler</b>                   |                             |                             |
|        | <b>Materiell</b>                       | <b><u>1.765.231</u></b>     | <b><u>1.279.033</u></b>     |
|        | <b>Fordringar</b>                      |                             |                             |
|        | Utestående straumkrav                  | 41.463.040                  | 51.627.139                  |
|        | Andre kortsiktige fordringar           | 8.451.792                   | 18.668.099                  |
|        | Sum fordringar                         | <u>49.914.831</u>           | <u>70.295.239</u>           |
|        | <b>Investeringar</b>                   |                             |                             |
| 13, 14 | Markedsbaserte fondsandelar            | 18.996.056                  | 18.090.791                  |
|        | Sum investeringar                      | <u>18.996.056</u>           | <u>18.090.791</u>           |
| 11     | <b>Bankinnskott, kontantar o.l.</b>    | <b><u>2.215.882</u></b>     | <b><u>2.764.443</u></b>     |
|        | <b>Sum omlaupsmidler</b>               | <b><u>72.892.001</u></b>    | <b><u>92.429.506</u></b>    |
|        | <b>SUM EIGA</b>                        | <b><u>1.046.957.995</u></b> | <b><u>1.054.254.530</u></b> |

## Finnås Kraftlag SA

### Balanse pr. 31. desember

| NOTAR | EIGENKAPITAL OG GJELD              | 2019                 | 2018                 |
|-------|------------------------------------|----------------------|----------------------|
|       | <b>Eigenkapital</b>                |                      |                      |
|       | <b>Innskoten eigenkapital</b>      |                      |                      |
| 6, 7  | Medlemsinnskot                     | 1.061.400            | 1.047.900            |
|       | Sum innskoten eigenkapital         | <u>1.061.400</u>     | <u>1.047.900</u>     |
|       | <b>Opptent eigenkapital</b>        |                      |                      |
| 7     | Annan eigenkapital                 | 894.204.275          | 869.949.646          |
| 7     | Etterbetalingsfond                 | 9.700.000            | 9.700.000            |
|       | Sum opptent eigenkapital           | <u>903.904.275</u>   | <u>879.649.645</u>   |
|       | <b>Sum eigenkapital</b>            | <u>904.965.675</u>   | <u>880.697.545</u>   |
|       | <b>Gjeld</b>                       |                      |                      |
|       | <b>Avsetjing for forpliktingar</b> |                      |                      |
| 8     | Pensjonsforplikting                | 1.712.053            | 1.878.943            |
| 10    | Utsett skatt                       | 5.850.057            | 5.058.347            |
|       | Sum avsetjing for forpliktingar    | <u>7.562.110</u>     | <u>6.937.290</u>     |
|       | <b>Kortsiktig gjeld</b>            |                      |                      |
| 12    | Gjeld til kredittinstitusjonar     | 80.709.225           | 105.906.964          |
|       | Leverandørgjeld                    | 9.226.971            | 24.333.589           |
| 10    | Betalbar skatt                     | 1.001.015            | 614.379              |
|       | Skuldige offentlege avgifter       | 11.162.330           | 12.585.402           |
| 6     | Gjeld til medlemmer                | 14.075.503           | 11.453.919           |
|       | Annan kortsiktig gjeld             | 18.255.166           | 11.725.442           |
|       | Sum kortsiktig gjeld               | <u>134.430.210</u>   | <u>166.619.694</u>   |
|       | <b>Sum gjeld</b>                   | <u>141.992.320</u>   | <u>173.556.984</u>   |
|       | <b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>   | <u>1.046.957.995</u> | <u>1.054.254.530</u> |

Bremnes, 22. april 2020

|                                                                                                                        |                                                                                                                        |                                                                                                                         |                                                                                                                              |
|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <br>Torleiv Fylkesnes<br>styreleiar | <br>Anne-Beth Njærheim<br>nestleiar | <br>Eli Furnes<br>styremedlem       | <br>Signe Lund Jahsen<br>styremedlem    |
| <br>Ove Grønås<br>styremedlem       | <br>Vermund Hjeltnes<br>styremedlem | <br>Thomas Vespestad<br>styremedlem | <br>Nils Gunnar Gloppen<br>dagleg leiar |

## **Rekneskapsprinsipp**

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova. Rekneskapsprinsippa som er nytta vert gjort greie for i det etterfølgjande.

### **Hovudregel for vurdering og klassifisering av eignelutar og gjeld**

Eignelutar for varig eige eller bruk er klassifiserte som anleggsmidlar. Andre eignelutar er klassifiserte som omlaupsmidlar. Fordringar som skal attendebetalast innan eitt år er klassifiserte som omlaupsmidlar. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarande kriterier lagt til grunn.

Anleggsmidlar er vurderte til anskaffingskost, men vert nedskriven til verkeleg verdi når verdifallet ikkje er venta å vere av forbigåande art. Anleggsmidlar med avgrensa økonomisk levetid vert avskrivne over forventa levetid.

Omlaupsmidlar vert vurderte til det lågaste av anskaffingskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld vert balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet. Kortsiktig gjeld vert ikkje oppskriven til verkeleg verdi som følgje av eventuell renteendring.

Nedanfor er det knytt kommentarar til prinsipp for enkeltpostar i rekneskapen.

### **Aktiverte renter**

Då selskapet har tilgjengeleg kapital er det ikkje aktiverte renter på eigne prosjekt.

### **Andre anleggsaksjar og andelar**

Kraftlaget sine aksjar er langsiktige investeringar og er oppført etter kostmetoden. Dersom verkeleg verdi er lågare og ikkje forbigåande, vil investeringane verta nedskrivne. Motteke utbyte og andre overskotsutdelingar frå selskap vert inntektsført som anna finansinntekt.

### **Materiallager**

Materiallager er vurdert til anskaffingskost. Kraftlaget har ikkje beholdning av varer meint for sal.

### **Fordringar**

Kundefordringar og andre fordringar vert bokført til pålydande etter frådrag for avsetjing til forventa tap. Avsetjing til tap vert gjort på grunnlag av ei individuell vurdering av kvar enkelt fordring. I tillegg vert det for andre kundefordringar gjort ei uspesifisert avsetjing for å dekkje antatt tap. Fordringar i samband med straumkrav er oppført netto.

### **Bankinnskot, kontantar o.l.**

Bankinnskot, kontantar o.l. inkluderer kontantar, bankinnskot og andre betalingsmidlar med forfallsdato som er kortare enn tre månadar frå anskaffing. Plasseringar i marknadsbaserte fondsandelar er vurdert til marknadsverdi.

### **Pensjonar**

Kraftlaget sine tilsette er medlemmar av KLP. Dette er ein landsomfattande ytingsbasert pensjonsordning som vurderer alle medlemmar i ordninga under eitt. Selskapet har innarbeidd pensjonsforpliktinga i rekneskapen, og pensjonsforpliktinga er oppført etter aktuarmessige berekningar.

### **Skattar**

Skattekostnaden vert samanstillt med rekneskapsmessig resultat før skatt.

Skattekostnaden består av betalbar skatt (skatt på den direkte skattepliktige inntekta i året) og endring i netto utsett skatt. Skattekostnaden vert fordelt på ordinært resultat og resultat av ekstraordinære postar i høve til skattegrunnlaget. Netto utsett skattefordel er ikkje balanseført.

I tillegg er kraftlaget formueskattepliktig.



## Rekneskapsprinsipp forts.

2019

### Inntekter

Inntekt vert rekneskapsført når den er opptent. Det vil sei når risiko og kontroll er overført til kunden. Inntektene vert rekneskapsført med verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet.

### Overføringsinntekter/nettregulering

Nettdrifta vert regulert av styresmaktene ved at Norges Vassdrags- og Energidirektorat (NVE) årleg fastset inntektsrammer for kvart selskap.

Inntektsramma vert fastsett på bakgrunn av faktiske historiske kostnader, verdien av selskapet sin nettkapital og målt effektivitet samanlikna med andre tilsvarende selskap. Inntektene vert i tillegg regulert i forhold til mengda leveringsavbrot i løpet av året, generell pris og renteutvikling.

Meir-/mindreinntekt er differansen mellom inntektsramma og faktiske innbetalte nettleigeinntekter. Meirinntekt skal rentebereknast med rentesats fastsett av NVE og tilbakeførast til kundane. Mindreinntekt kan Finnås Kraftlag SA velje å krevja inn frå kundane.

### Anleggsbidrag

Anleggsbidrag til investeringar, frå det offentlege og private, har gått til frådrag på aktiverte verdiar.

### Kostnader

Kostnader vert rekneskapsført i same periode som tilhøyrande inntekt. Der det ikkje er ein klar samanheng, vert det føreteke ei skjønnsmessig fordeling mellom periodane.

### Vedlikehald

Det er utført naudsynt vedlikehald på alle anleggsdelar. Det er ikkje føreteke avsetjing for utsett vedlikehald fordi kostnadene kjem til jamt over levetida. Vedlikehald/reinvestering som medfører vesentleg lengre levetid og inntening, vert aktivert.

### Finansplasseringar

Plasseringar av finansmidlar er vurdert til marknadsverdi ved årsslutt, og realiserte gevinstar og tap er ført som finansinntekter.

### Kontantstraumoppstilling

Kontantstraumoppstillinga er utarbeidd med basis i den indirekte metoden. Dette inneber at ein i analysen tek utgangspunkt i årsresultatet for å kunne presentere kontantstraumar som er tilført frå høvesvis ordinær drift, investeringsaktivitetar og finansieringsaktivitetar.

## Note 1 Segmentinformasjon

| Tal i heile tusen          | Kraft-<br>omsetjing | Distribusjon  | Breiband      | Øvreg verksemd | Totalt         |
|----------------------------|---------------------|---------------|---------------|----------------|----------------|
| <b>Inntekter</b>           |                     |               |               |                |                |
| Kraftsal                   | 59 803              | 0             | 0             | 0              | 59 803         |
| Overføringsinntekter       | 0                   | 65 212        | 0             | 0              | 65 212         |
| Inntekter breiband         | 0                   | 0             | 49 034        | 0              | 49 034         |
| Andre inntekter            | 16                  | 1 619         | 290           | 2 564          | 4 489          |
| <b>Sum inntekter</b>       | <b>59 819</b>       | <b>66 831</b> | <b>49 324</b> | <b>2 564</b>   | <b>178 538</b> |
| <b>Kraftkjøp mv.</b>       |                     |               |               |                |                |
| Kraftkjøp                  | 56 039              | 55            | 0             | 887            | 56 981         |
| Nettap, eige nett          | 0                   | 3 071         | 0             | 0              | 3 071          |
| Nett-tj. overliggjande     | 0                   | 22 523        | 0             | 0              | 22 523         |
| Varekjøp, anna             | 0                   | 1 489         | 24 144        | 575            | 26 208         |
| <b>Sum varekjøp</b>        | <b>56 039</b>       | <b>27 138</b> | <b>24 144</b> | <b>1 462</b>   | <b>108 783</b> |
| <b>Bruttoavance</b>        | <b>3 780</b>        | <b>39 693</b> | <b>25 180</b> | <b>1 102</b>   | <b>69 755</b>  |
| <b>Driftskostnader</b>     |                     |               |               |                |                |
| Personalkostnader          | 934                 | 17 358        | 8 257         | 609            | 27 158         |
| Aktivert løn               | 0                   | -4 200        | -3 116        | 0              | -7 316         |
| Andre driftskostnader      | 1 248               | 10 775        | 3 482         | 1 580          | 17 085         |
| Avskrivningar              | 46                  | 9 005         | 10 252        | 69             | 19 372         |
| Tap på fordringar          | -23                 | 133           | -19           | -1             | 90             |
| <b>Sum driftskostnader</b> | <b>2 205</b>        | <b>33 071</b> | <b>18 856</b> | <b>2 257</b>   | <b>56 389</b>  |
| <b>Driftsresultat</b>      | <b>1 575</b>        | <b>6 622</b>  | <b>6 324</b>  | <b>-1 155</b>  | <b>13 366</b>  |

## Meir-/mindreinntekt

| Berekning av meir-/mindreinntekt<br>(1.000 kr) | 2019          | 2018          |
|------------------------------------------------|---------------|---------------|
| Sum nettleigeinntekt                           | 65 022,0      | 61 748,0      |
| Andre inntekter                                | 922,0         | 1 212,0       |
| Sum faktisk nettleigeinntekt                   | 65 944        | 62 960        |
| Fastsett initiell inntekt i eige nett (-)      | -43 328,0     | -46 623,0     |
| Tillegg for avvik avkastning tidl. år          | -3 285,0      | -953,0        |
| KILE-kostnader                                 | 593,0         | 531,0         |
| Eigedomsskatt                                  | -933,0        | -520,0        |
| Kostnader ved overliggjande nett (-)           | -22 523,0     | -19 436,0     |
| "Godkjende" kostnader                          | -69 476       | -67 001       |
| <b>Årets meir- (+)/mindreinntekt (-)</b>       | <b>-3 532</b> | <b>-4 041</b> |

## Note 1 forts. Segmentinformasjon

| <b>Avkastningsgrunnlag<br/>(1.000 kr)</b> | <b>2019<br/>Gj.snitt</b> | <b>2018<br/>Gj.snitt</b> |
|-------------------------------------------|--------------------------|--------------------------|
| Driftsmidler                              | 189 313                  | 187 342                  |
| Kundespesifikke anlegg                    | 25 466                   | 17 973                   |
| Felles anleggsmidler                      | 16 097                   | 12 833                   |
| Sum anlegg                                | 230 876                  | 218 148                  |
| Netto arbeidskapital                      | 2 309                    | 2 181                    |
| <b>Sum avkastningsgrunnlag</b>            | <b>233 185</b>           | <b>220 329</b>           |

| <b>Avkastning</b>                | <b>2019</b>  | <b>2018</b>  |
|----------------------------------|--------------|--------------|
| <b>Avkastning/driftsresultat</b> | <b>6 622</b> | <b>8 274</b> |
| Avkastning i %                   | 2,84 %       | 3,76 %       |
| Avkastning inkl. mindreinntekt   | 10 154       | 12 315       |
| Avkastning i %                   | 4,35 %       | 5,59 %       |

| <b>Meir-/mindreinntekt<br/>(1.000 kr)</b>      | <b>2019</b>  | <b>2018</b>  |
|------------------------------------------------|--------------|--------------|
| Meir-/mindreinntekt 1.1 (inkl.renter)          | 3 500        | 3 500        |
| Årets meir-/mindreinntekt                      | 3 532        | 4 041        |
| Avskrevne renter/mindreinntekt                 | -3 532       | -4 041       |
| <b>Meir-/mindreinntekt 31.12 (inkl.renter)</b> | <b>3 500</b> | <b>3 500</b> |

## Note 2 Lønskostnader og ytingar, godtgjeringar til dagleg leiar, styret og revisor

| <b>Lønskostnader</b> | <b>2019</b>       | <b>2018</b>       |
|----------------------|-------------------|-------------------|
| Løn                  | 20 594 042        | 19 883 742        |
| Arbeidsgjevaravgift  | 2 944 241         | 2 737 881         |
| Pensjonskostnader    | 3 099 479         | 3 348 681         |
| Andre ytingar        | 520 034           | 410 851           |
| <b>Sum</b>           | <b>27 157 797</b> | <b>26 381 155</b> |

|                                |    |    |
|--------------------------------|----|----|
| Gjennomsnittleg tal på årsverk | 28 | 28 |
|--------------------------------|----|----|

| <b>Ytingar til leiande personar</b> | <b>Dagleg leiar</b> | <b>Styret</b>  |
|-------------------------------------|---------------------|----------------|
| Løn                                 | 1 032 609           | 0              |
| Honorar til styret                  | 0                   | 453 079        |
| Anna godtgjering                    | 50 017              | 0              |
| <b>Sum</b>                          | <b>1 082 626</b>    | <b>453 079</b> |

Dagleg leiar er medlem av kraftlaget si kollektive pensjonsordning og har ikkje pensjonsavtalar ut over dette.

## Revisor

| <b>Kostnader til revisor (eks.mva)</b>        | <b>2019</b>    | <b>2018</b>    |
|-----------------------------------------------|----------------|----------------|
| Honorar lovpålagt revisjon                    | 311 587        | 175 000        |
| Honorar anna rekneskapsmessig bistand         | 67 000         | 115 757        |
| Bistand av juridisk eller konsulentmessig art | 155 185        | 42 380         |
| <b>Sum</b>                                    | <b>533 772</b> | <b>333 137</b> |

## Note 3 Annan driftskostnad

|                                     | 2019       | 2018       |
|-------------------------------------|------------|------------|
| Vedlikehold og drift av anlegg      | 7 843 324  | 6 601 391  |
| Kontor- og administrasjonskostnader | 7 934 472  | 7 780 223  |
| Transportkostnader                  | 1 088 858  | 1 106 360  |
| Forsikringer                        | 215 545    | 212 811    |
| Tap på fordringar                   | 90 847     | 118 533    |
| Sum driftskostnader                 | 17 173 046 | 15 819 319 |

## Note 4 Anleggsmiddel

|                                       | Distribusjons-<br>nett, fjernvarme<br>og målarar | Anlegg<br>under arbeid | Fibernet og<br>utstyr | Bygningar  | Øvreg<br>driftsmidler | Sum         |
|---------------------------------------|--------------------------------------------------|------------------------|-----------------------|------------|-----------------------|-------------|
| Innkjøpskostnad pr.<br>01.01.19       | 365 354 905                                      | 9 790 667              | 158 727 161           | 19 517 700 | 27 580 647            | 580 971 080 |
| Tilgang kjøpte<br>anleggsmiddel       | 11 737 877                                       |                        | 14 798 068            |            | 1 029 186             | 27 565 131  |
| Avgang i året                         | 154 285                                          | 3 987 032              | 129 183               |            |                       | 4 270 500   |
| Innkjøpskostnad<br>31.12.19           | 376 938 497                                      | 5 803 635              | 173 396 046           | 19 517 700 | 28 609 833            | 604 265 711 |
| Akkumulerte<br>avskrivningar 31.12.19 | 155 809 414                                      |                        | 89 658 887            | 8 483 379  | 24 295 846            | 278 247 526 |
| Av- og nedskrivningar pr.<br>31.12.19 | 155 809 414                                      | 0                      | 89 658 887            | 8 483 379  | 24 295 846            | 278 247 526 |
| Bokført verdi 31.12.19                | 221 129 083                                      | 5 803 635              | 83 737 159            | 11 034 321 | 4 313 987             | 326 018 185 |
| Ordinære avskrivningar<br>dette året  | 7 827 405                                        |                        | 9 904 377             | 386 495    | 1 255 604             | 19 373 884  |
| Avskrivningsplan                      | 2,5-12,5%                                        | 0%                     | 3-20%                 | 2%         | 12,5-20%              |             |

## Note 5 Aksjar og eidelar i andre føretak m.m.

| Anleggsmidler           | Eigarandel | Anskaffingskost | Balanseført verdi |
|-------------------------|------------|-----------------|-------------------|
| Haugaland Kraft AS      | 9,90 %     | 646 095 086     | 646 095 086       |
| Eigenkapitalinnskot KLP |            | 1 702 590       | 1 702 590         |
| Grønn Kontakt AS        | 2,30 %     | 50 000          | 50 000            |
| Valider AS              | 0,93 %     | 93 400          | 93 400            |
| Nettalliansen AS        | 2,12 %     | 22 000          | 22 000            |
| Andre                   |            | 9 733           | 9 733             |
| Sum                     |            | 647 972 809     | 647 972 809       |

## Note 6 Oversikt over medlemsinnskot

### Eigarstruktur

Finnås Kraftlag har i årsmøte 22.9.2010 vedteke nye vedtekter, som blant anna inneber overgang frå partslag til samvirkelag, vedtak om utbetaling av renter til eigarar samt attendebetaling av medlemsinnskot.

Konsekvensen av dette er at alle medlemmer har likt medlemsinnskot. Pr. 31.12.2019 er det registrert 3.538 medlemmar med totalt innskot 1 061 400 kr. Andre innskot gjeld tidlegare partshavarar som førebels ikkje har omgjort partar til medlemskap.

Gjeld til medlemmer gjeld også tidlegare partshavarar.

## Note 7 Eigenkapital

|                                        | Aksjekapital     | Annan<br>eigenkapital | Etterbetalings-<br>fond | Sum<br>eigenkapital |
|----------------------------------------|------------------|-----------------------|-------------------------|---------------------|
| Per. 01.01.2019                        | 1 047 900        | 869 949 646           | 9 700 000               | 880 697 545         |
| <i>Endring i eigenkapitalen i året</i> |                  |                       |                         |                     |
| Endring medlemsinnskot                 | 13 500           |                       |                         | 13 500              |
| Resultat i året                        |                  | 36 528 629            |                         | 36 528 629          |
| Avsett til allmennyttige formål        |                  | -2 274 000            |                         | -2 274 000          |
| Avsett til kjøpsutbyte medlemmer       |                  | -10 000 000           |                         | -10 000 000         |
| <b>Per 31.12.2019</b>                  | <b>1 061 400</b> | <b>894 204 275</b>    | <b>9 700 000</b>        | <b>904 965 675</b>  |

## Note 8 Pensjonskostnader, -midlar og –forpliktingar

Alle tilsette i verksemda er innmeldt i ei pensjonsordning i KLP. Pensjonsordninga omfattar i alt 82 personar, antal inkluderer oppsette medlem. Ordningane gjev rett til definerte framtidige ytingar. Desse er i hovudsak avhengig av tal på oppteningsår, lønsnivå ved oppnådd pensjonsalder og storleiken på ytingane frå folketrygda.

| <b>Pensjonskostnad</b>                          | <b>2019</b> | <b>2018</b> |
|-------------------------------------------------|-------------|-------------|
| Noverdi av pensjonsoppteninga i år              | 3 119 188   | 3 266 062   |
| Rentekostnad på pensjonsforpliktinga            | 2 009 225   | 1 813 023   |
| Avkastning på pensjonsmidlar                    | -2 467 823  | -2 290 897  |
| Netto pensjonskostnad (før arbeidsgjevaravgift) | 2 660 590   | 2 788 188   |
| Arbeidsgjevaravgift netto pensjonskostnad       | 297 603     | 314 968     |
| Resultatføring estimatavvik                     | 733 442     | 740 434     |
| Netto pensjonskostnad (-midlar)                 | 3 691 635   | 3 843 590   |

| <b>Finansiell status pr. 31.12.</b>                 | <b>2019</b> | <b>2018</b> |
|-----------------------------------------------------|-------------|-------------|
| Pensjonsforplikting                                 | 73 790 036  | 77 121 596  |
| Verdi av pensjonsmidlar                             | -62 563 227 | -57 352 250 |
| Netto pensjonsforplikting (før arbeidsgjevaravgift) | 11 226 809  | 19 769 346  |
| Estimeringsavvik inkl. arbeidsgjevaravgift          | -10 704 798 | -19 985 954 |
| Arbeidsgjevaravgift                                 | 1 190 042   | 2 095 551   |
| Netto pensjonsforplikting                           | 1 712 053   | 1 878 943   |

### Økonomiske føresetnader

|                                    |       |       |
|------------------------------------|-------|-------|
| Diskonteringsrente                 | 2,30% | 2,60% |
| Forventa pensjonsregulering        | 1,24% | 1,73% |
| Forventa avkastning på fondsmidlar | 3,80% | 4,30% |
| Forventa lønsvekst                 | 2,25% | 2,75% |
| Forventa G-regulering              | 2,00% | 2,50% |

Ordninga dekkjer krav om innføring av obligatorisk tenestepensjon.

## Note 9 Kraftkontraktar

Finnås Kraftlag SA har ikkje inngått kontraktar for kjøp eller sal av kraft med faste prisar ved årsskiftet.

## Note 10 Skatt

| <b>Skattekostnad dette året</b>                  | <b>2019</b> | <b>2018</b> |
|--------------------------------------------------|-------------|-------------|
| Resultatført skatt på ordinært resultat:         |             |             |
| Skatt som skal betalast                          | 1 719 102   | 359 852     |
| Endring i utsett skatt                           | 791 710     | 981 922     |
| Skattekostnad ordinært resultat                  | 2 510 812   | 1 341 774   |
| Skattepliktig inntekt:                           |             |             |
| Ordinært resultat før skatt                      | 39 039 441  | 22 206 684  |
| Permanente skilnader                             | -35 440 760 | -16 998 081 |
| Endring i mellombelse skilnader                  | -5 137 994  | -8 357 340  |
| Skattepliktig inntekt                            | -1 539 313  | -3 148 738  |
| Skatt i balansen som skal betalast:              |             |             |
| Skatt på resultatet dette året som skal betalast | 1 001 015   | 614 379     |
| Sum skatt i balansen som skal betalast           | 1 001 015   | 614 379     |
| Utrekning av effektiv skattesats:                |             |             |
| Resultat før skatt                               | 39 039 441  | 22 206 684  |
| Skatt rekna av resultat før skatt                | 8 588 677   | 5 107 537   |
| Skatteeffekt av permanente forskjellar           | -7 796 967  | -3 909 559  |
| Effekt av endring av skattesats                  | 0           | -229 925    |
| Sum                                              | 791 710     | 968 054     |
| Effektiv skattesats                              | 2,0 %       | 4,4 %       |

Skatteeffekten av mellombelse skilnader og underskott til framføring som har gjeve opphav til utsett skatt og utsette skattefordelar, spesifisert på typar av mellombelse skilnader:

|                                          | <b>2019</b> | <b>2018</b> | <b>Endring</b> |
|------------------------------------------|-------------|-------------|----------------|
| Varige driftsmiddel                      | 31 764 729  | 25 643 624  | -6 121 104     |
| Varebeholdning                           | -450 000    | 0           | 450 000        |
| Fordringar                               | -500 000    | -500 000    | 0              |
| Pensjonspremie/- forplikting             | -1 712 053  | -1 878 943  | -166 890       |
| Andre skilnader                          | 2 800 000   | 3 500 000   | 700 000        |
| Sum                                      | 31 902 676  | 26 764 682  | -5 137 994     |
| Akkumulert underskott som kan framførast | -5 311 506  | -3 772 193  | 1 539 313      |
| Grunnlag for utsett skatt                | 26 591 170  | 22 992 488  | -3 598 681     |
| Utsett skatt (22 %)                      | 5 850 057   | 5 058 347   | -791 710       |
| Effekt av endring av skattesats          | -229 925    |             |                |

Selskapet har ei pågåande skattesak knytta til skattemessig behandling av utbyte til medlemmane, som selskapet har krevd frådrag for i 2017 og 2018 med hhv. MNOK 1,2 og MNOK 1,679.

Tilsvarande

frådrag er krevd i 2019 med MNOK 2,2. Skattesaka er forventet avgjort i løpet av 2020, og om skatteetaten ikkje aksepterer frådraget vil skatten bli attendebetalt og skattekostnaden tilsvarande korrigert i 2020.

## Note 11 Bankinnskot

Midlar på skattetrekkskonto (bundne midlar) er kr 1 061 208.

## Note 12 Gjeld til kredittinstitusjonar

**Gjeld som forfell meir enn fem år etter at rekneskapsåret er slutt:**

|                                                         | 2019 | 2018 |
|---------------------------------------------------------|------|------|
| Gjeld til kredittinstitusjonar med forfall etter fem år | 0    | 0    |
| Sum annen langsiktig gjeld                              | 0    | 0    |

### **Bokført gjeld som er sikra ved pant og lignande**

|                                |            |             |
|--------------------------------|------------|-------------|
| Gjeld til kredittinstitusjonar | 80 709 225 | 105 906 964 |
|--------------------------------|------------|-------------|

### **Bokført verdi av eignelutar stilt som som sikkerheit for bokført gjeld**

|        |             |             |
|--------|-------------|-------------|
| Aksjar | 646 095 086 | 638 000 000 |
|--------|-------------|-------------|

Selskapet har ei kassekreditt med ramme på kr 104.250.000.

## Note 13 Finansiell risiko

Selskapet har flytande renter på kassekreditt.

Finnås Kraftlag SA har finansielle anleggsmidlar med bokført verdi på kr 647 972 809, kor største posten gjeld 9,90% eige i Haugaland Kraft AS.

Finnås Kraftlag SA har vidare marknadsbaserte finansielle postar på kr 18 996 056. Denne posten er forvalta av profesjonell porteføljeforvaltar, og følgjer den generelle verdipapirmarknaden.

Selskapet har elles ikkje postar eller instrument som er utsett for spesiell finansiell risiko. For marknads-baserte fondsandelar er det knytt risiko til endringar i marknadspris.



## Note 14 Markedsbaserte fondsandelar

Finnås Kraftlag SA har ei portefølje av finansplasseringar som er plassering av ledig likviditet. Portefølja vert forvalta av profesjonell forvaltar.

|                              | Kostpris   | Bokført verdi | Marknadsverdi |
|------------------------------|------------|---------------|---------------|
| Norske obligasjonar          | 13 922 454 | 13 713 883    | 13 713 883    |
| Utenlandske obligasjonar     | 1 726 688  | 1 720 252     | 1 720 252     |
| Norske aksjar/aksjefond      | 2 263 020  | 3 136 530     | 3 136 530     |
| Utenlandske aksjar/aksjefond | 385 447    | 425 391       | 425 391       |
| Sum                          | 18 297 609 | 18 996 056    | 18 996 056    |

## Note 15 - Hendingar etter balansedagen

Som følge av krav til skilje av verksemdsområda i kraftbransjen er det etablert to nye verksemdar i 2019, Finnås Kraftlag AS og Bømlo Kraftnett AS. Med verknad frå 1.1.2020 har Finnås Kraftlag SA inngått avtale om salg av verksemdsområda fiber/breiband og kraftsal til Finnås Kraftlag AS og sal av nett til Bømlo Kraftnett AS.

Avtalane er inngått til verkeleg verdi basert på verdsetjing av dei ulike verksemdsområda. Ettersom det er omorganisering med uendra eigarskap vil transaksjonane rekneskapsmessig verta bokført med kontinuitet i 2020.

Utbrot av korona har sett sitt preg på dei første månadane i 2020. Verksemda har sett beredskap for å sikre kraftforsyning og drifta av selskapet går tilnærma normalt. Leveranse av straum og breiband forventas i mindre grad å verta påverka av situasjonen, men selskapet kan forvente at fleire kundar vil oppleve redusert betalingsevne i tida som kjem som et resultat av COVID-19.

På lengre sikt kan også selskapet verta påverka av at enkelte leverandørar ikkje er i stand til å levere etterspurt materiale til investering og vedlikehald. Pr. mars 2020 har selskapet hatt urealisert tap på finansielle eigedelar som er målt til verkeleg verdi som følge av reduksjon i finansmarknadane.

## Note 16 Aksjer i dotterselskap

|                      | Eigar-<br>andel | Anskaffelses-<br>kost | Balanseført<br>verdi |
|----------------------|-----------------|-----------------------|----------------------|
| <b>Dotterselskap</b> |                 |                       |                      |
| Finnås Kraftlag AS   | 100%            | 30 000                | 30 000               |
| Bømlo Kraftnett AS   | 100%            | 30 000                | 30 000               |
| Sum                  |                 | 60 000                | 60 000               |

Dotterselskapa er nystifta i 2019, og rekneskapa er pt. ikkje ferdig. Det har ikkje vore aktivitet i selskapa i 2019, og det er difor ikkje utarbeidd konsernrekneskap for 2019.

## Kontantstrøm

| Kontantstrømoppstilling                                     |                    |                    |
|-------------------------------------------------------------|--------------------|--------------------|
|                                                             |                    |                    |
|                                                             |                    |                    |
|                                                             |                    |                    |
| <b>KONTANTSTRÅUM FRÅ OPERASJONELLE AKTIVITETAR</b>          | <b>2019</b>        | <b>2018</b>        |
| Ordinært resultat før skattekostnad                         | 39 039 441         | 22 206 684         |
| Ikkje-likvid finansiering av finansplasseringar             | -293 593           | 2 063 358          |
| Betalt skatt i perioden                                     | -1 040 175         | -929 614           |
| Ordinære avskrivingar/nedskrivingar                         | 19 373 884         | 17 670 890         |
| Pensjonskostnad utan kontanteffekt                          | -166 890           | 532 704            |
| Tap/gevinst ved sal av anleggsmidlar                        | 248 469            | 456 027            |
| Midlar brukt på kortsiktige finansplasseringar              | -905 265           | -299 185           |
| Endring i materiallager                                     | -486 198           | -275 094           |
| Endring i kundefordringar                                   | 10 164 099         | -10 941 353        |
| Endring i leverandørgjeld                                   | -15 106 618        | 9 170 599          |
| Endring i andre omlaupsmidlar og andre gjeldspostar         | 13 050 262         | -4 460 069         |
| <b>Netto kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar</b>     | <b>63 877 416</b>  | <b>35 194 947</b>  |
|                                                             |                    |                    |
| <b>KONTANTSTRÅUM FRÅ INVESTERINGSAKTIVITETAR</b>            |                    |                    |
| Innbetalningar ved sal av varige driftsmidlar               | 35 000             | 0                  |
| Utbetalningar ved kjøp av varige driftsmidlar               | -23 593 099        | -36 195 411        |
| Utbetalningar ved kjøp av finansielle anleggsmidlar         | -8 305 224         | -171 126           |
| <b>Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar</b>       | <b>-31 863 323</b> | <b>-36 366 537</b> |
|                                                             |                    |                    |
| <b>KONTANTSTRÅUM FRÅ FINANSIERINGSAKTIVITETAR</b>           |                    |                    |
| Utbetalningar ved nedbetaling av kortsiktig gjeld           | -105 906 963       | -81 000 000        |
| Innbetalningar ved opptak av ny kortsiktig gjeld            | 80 709 225         | 86 901 907         |
| Innbetaling\utbetaling av eigenkapital                      | 13 500             | 165 900            |
| Utdelingar av tidlegare årsoverskot                         | -7 378 416         | -5 000 000         |
| <b>Netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar</b>      | <b>-32 562 654</b> | <b>1 067 807</b>   |
|                                                             |                    |                    |
| Netto endring i bankinnskot, kontantar o.l.                 | -548 561           | -103 783           |
| Behaldning av bankinnskot, kontantar o.l. pr. 1.1.          | 2 764 443          | 2 868 226          |
| <b>Behaldning av bankinnskot, kontantar o.l. pr. 31.12.</b> | <b>2 215 882</b>   | <b>2 764 443</b>   |



Deloitte AS  
Lars Hilles gate 30  
Postboks 6013 Postterminalen  
NO-5892 Bergen  
Norway

Tel: +47 55 21 81 00  
www.deloitte.no

Til generalforsamlinga i Finnås Kraftlag SA

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

## Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen

### Konklusjon

Vi har revidert Finnås Kraftlag SA sin årsrekneskap som viser eit overskot på kr 36.528.629. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2019, resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2019, og av resultata og kontantstraumane for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

### Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne i *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstyenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

### Ytterlegare informasjon

Leiinga er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon omfattar informasjon i årsrapporten bortsett frå årsrekneskapen og den tilhøyrande revisjonsmeldinga.

Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje den ytterlegare informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon.

Dersom vi konkluderer med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon er vi pålagde å rapportere det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

### Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og for at han gir eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

#### *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*

Målet med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følge av misleg framferd ikkje blir avdekka, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebære samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, urette framstillingar, eller brøt på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er formålstenlege, og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leiinga, er rimelege.
- konkluderer vi, basert på innhenta revisjonsbevis, på om leiinga sin bruk av framleis driftføresetnaden ved fastsetting av årsrekneskapen er formålstenleg og om det er vesentleg uvisse knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betydning om selskapet si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg uvisse, må vi i revisjonsmeldinga gjere merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifiserer konklusjonen vår om årsrekneskapen og årsmeldinga. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta inntil datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at selskapet ikkje held fram med drifta.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, og tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvisebilde.

Vi kommuniserer med dei som har overordna ansvar for styring og kontroll mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betydning som vi har avdekka i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheiter av betydning i den interne kontrollen.

#### **Utsegn om andre lovmessige krav**

##### *Konklusjon om årsmeldinga*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegget til resultatdisponering er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.



side 3  
Melding frå uavhengig revisor -  
Finnås Kraftlag SA

## *Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskrevet ovenfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Bergen, 22. april 2020  
Deloitte AS

A handwritten signature in blue ink, which appears to read "Bjørn Lyse Opdal".

**Bjørn Lyse opdal**  
statsautorisert revisor